



Rosendal har fått ein god start på sesongen(Arkivfoto)

Rosendal på andreplass på tabellen etter ein viktig siger 2-1 siger på Odda stadion mot Odda 2. Rosendal leia også ved pause. Då var stillinga 1 - 0. Frå Uskedalen var desse med, Hermund Døssland, Marius Myklebust og Sondre Myklebust.som alle var med å prega kampen,. Spesielt utmerka Marius seg svært positivt og var mykje borti ballen.

Første omgang kort summert: Rosendal hadde ballen mest, men vart litt baktunge og kom ikkje skikkeleg etter og vart litt tynne i angrep. Dei fekk likevel eit par store sjansar som nesten gav resultat.Så i slutten av omgangen vart keeperen til Odda pressa. Han fekk ikkje klarert, Stig Helle fekk ballen og lobba fint over keeper. Dermed kunne Rosendal gå til pause med fortent 1-0 leiing.

Andre omgang starta med bra Rosendal-spel, fint samspel og dei kom høgare i banen. Det resulterte i fleire store sjansar. Så etter halvspela andreomgang fekk Svein Are Furdal skikkleg treff på ein klarering og sette sikkert inn 2-0 til Rosendal.

Mot slutten av kampen var det ein kommunikasjonsvikt mellom back og keeper, og Odda gjekk opp til 1-2.

Rosendal vant ein fortent siger i denne kampen. Kampen hadde høg tenningsfaktor på begge laga og mange hengde seg opp i dommaravgjersler. Dette må takast tak i og jobbast med. Meir fokus må rettast mot spel og ikkje dommaravgjersler.

Kort sagt bruka beina meir, og ikkje mista fokus på spelet så kan dette bli bra!

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland